Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

I samarbeid med
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING
PÅ VESTLANDET

Emnenr. 43 | Fylke: Hordaland.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Voss.

Emne: Ting til bygdom og vern mot sygdom. | Bygdelag. Vossevangen og bygdene ikring.

Oppskr. av: Anna Haga Fletre. | Gard:

(adresse): Hagebyen 2, Voss. | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja (etter samrøde med yngre eldre folk.)

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1:

Ja. Vistnok all sjukdom. Men særleg vert gigt nemnd.

2:

Ringane vart kalla: Tambakringar. Dei var av ei metalblanding.

3:

Kjennskap gjekk frå mann til mann. Kvar dei opprinnelege vart laga, kan eg ikkje høyrt gjeti. Men i sylvsmidjene ikring vart laga etterlikningar. (Der var sylvsmidja A. A. på Lidal. — Der laga dei ringar og sylgjer med rubinsteinar i. Dei steinane skulde gjeva beraren lukke i kjærleik. — (Eg såg ei slik sylgje derifrå den smidja.)

4:

Nei.

5, 6, 7 og 8:

Ukjent for meg.

9:

Ukjent for meg med hengesmykker i den form. Men medaljongar var mykje bruka her, då med hårlokk eller bilete i. Kjærleiksmagi så vidt eg kan skyna. I radt gamal tid bruka dei hengesmykker kring halsen på småborn. Vern mot bite med dei overnaturlege.

16794

10:

Ja elektriske belte var i bruk. Dei eg har höyrt gjete, var av skinn og metall. Dei var borne på berr kropp, og var vern mot gikt.

11:

Elektrisk belte.

12:

Eg har höyrt gjete eit belte av skinn og metall. Dette vart skrive til England etter for ca 50 år sidan. – Så skal her vera ein Knut Ringheim, som enno eig eit elektrisk belte. Eit -stavangerblad- averterte slike belter år 1780.

13:

Ukjent for meg.

14:

Ja. Eg har höyrt at ymse eldre menn her bruka det før. – Den siste dei nå tingar bruka det var muraren Lundgren. Han var svenske. Enkja etter han lever enno, og bur i Movang, Haugamoen, Voss.

15:

Desse öyreringane, var av storleik som ein tioring, sume hadde slike av sylv andre av messing. – Dei var opne ringar, sette i hol i öyro.

16:

I båe öyro.

17:

Ja, det vert tilmed sagt i vår tid at ringar og klips i öyro skjerpar synet.

18:

Kjenner ikkji til at kvinner (bortsett frå sigöy-

16794

16794

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

narar) brukte øyreringar før. No derimot. Og ein kann enno høyra eldre folk sei: „Det hjelper på synet".

20:

Eg kjenner for lite til dette.

21:

Det einaste eg kjenner til, er at folk såg under gifteringen eir-rand om dei var sårleg sjuke.
– Har høyrt at sjømenn førde kors heim frå Jerusalem, kors som skulde varna mot vondt.

22:

Ukjent for meg.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

16791